



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 15.09.2016

Vår ref.: 2016/1883

Arkivnr.: 111

Innovasjon Norge Rogaland  
Postboks 8034  
4068 Stavanger

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Bruken av dei bedriftsretta landbruksmidlane for 2017**

Jordbruksoppgjøret 2016 ga nokre nye føringar for dei bedriftsretta landbruksmidlane (IBU-midlane), noko Landbruks- og matdepartementet (LMD) stadfesta i brev til Innovasjon Norge, 4.juli d.å. Ei ny føring er at Innovasjon Norge kan gi tilsegn om tilskot over IBU-midlane allereie på hausten same år som midlane blir avsett over jordbruksavtala. LMD har no konkludert med at kvart fylke kan løyve 20 % av 2017-ramme i haust. I Rogaland er søknadsfrista på IBU-midlane i haust 1.oktober. Innovasjon Norge Rogaland vil sakshandsame inntil 40 % av 2017-ramma i haust, kor 20 % får tilbodsbrief i 2016, og resten rett over nyttår.

I samband med at det i 2016 vil bli gitt tilsegn over IBU-ramma for 2017, kjem det ikkje nye føringar frå LMD av strategisk karakter. Det ansvaret ligg til den regionale partnerskapen å utforme. Den regionale landbrukspartnerskapen hadde i møte 23.juni i år m.a. dette som tema. Og konklusjonen var klar; dei strategiske føringane som er gitt for 2016 blir vidareført uendra også når det no i haust skal løyvast av 2017 – ramma. Om det blir nye endringar i dei nasjonale føringane veit vi eventuelt meir om gjennom tildelingsbrev m.m. frå LMD for 2017. Desse kjem til vanleg i februar.

Dei strategiske føringane for 2016 blir vidareførte. Den regionale landbrukspartnerskapen er svært oppteken av at den avgrensa IBU-ramma vi har for Rogaland skal gi størst mogleg effekt. Det betyr m.a. at midlane utløyser flest mogleg prosjekt. Føresetnaden for i det heile å gi tilskot er at alle prosjekta er økonomisk robuste og at kunden har tilstrekkeleg kompetanse og profesjonalitet. For nye mjølkekufjøsprosjekt utanom dei sentrale områda på Jæren skal Innovasjon Norge Rogaland framleis praktisere høg utmåling av tilskot, slik at vi får realisert moderne kufjøs også i distrikta som er godt tilpassa garden sitt tilgjengeleg ressursgrunnlag.

For IBU-midlane som skal nyttast til investeringar innan tradisjonelt landbruk er det frå hausten 2017 innført to søknadsfristar i året; 1.oktober og 1.mars. Desse gjeld for heile fylket og omfattar også kriterieordningane for miljøtiltak og frukt.

Innovasjon Norge Rogaland har ei krevjande utfordring med å «disponere» IBU-ramma på ein slik måte at måloppnåinga blir god. Kravet om at distrikta skal prioriterast og at 70 % av midlane skal nyttast utanom dei sentrale områda på Jæren, ligg fast. Overordna for bruken er at midlane skal

prioriterast til investeringsprosjekt som gir auka matproduksjon. Landbrukspartnarskapen er også samde om at matprosjekt innan nye landbruksbaserte næringar skal prioriterast.

IBU-midlane Rogaland skal gå til mjølkekufjøs (heile fylket), ammekufjøs (distrikta), miljøtiltak, frukt, generasjonsskifte, nye landbruksbaserte næringar (matprosjekt har prioritet) og andre prosjekt med særleg høg innovasjonsgrad. Med målsetnad om effektiv, rettferdig og god sakshandsaming og føreseielege tilskotsrammer kan Innovasjon Norge Rogaland bruke følgjande modell ved fordeling av ramma;

	<b>Jæren</b>	<b>Distrikta</b>	<b>Rogaland – heile fylket</b>
Av IBU-ramma	25 %	60 %	15 %
Føremål	Mjølkekufjøs	Mjølkekufjøs 70 % Ammekufjøs 30 %	<ul style="list-style-type: none"><li>• Miljøtiltak</li><li>• Frukt</li><li>• Nye landbruksbaserte næringar</li><li>• Generasjonsskifte</li><li>• Prosjekt med særleg høg innovasjonsgrad</li></ul>

Med helsing

Geir Skadberg  
landbruksdirektør

Annfinn Rosnes  
ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Geir Skadberg  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 92  
E-post: fmrogsk@fylkesmannen.no

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007 Dep

0030

Oslo

Rogaland Bondelag

Rogaland skognæringsforum

Innovasjon Norge

Rogaland Bonde- og småbrukarlag